

Vedtekter for Leikanger frivilligsentral



§1. ORGANISERING

Leikanger kommune er eigar av Leikanger Frivilligsentral, som er organisert under Kulturkontoret.

§2. FORMÅL

Leikanger frivilligsentral skal vere upartisk og nøytral, og legge til rette for innbyggjarar, lag og organisasjonar i kommunen, som ynskjer å vere frivillige lokale aktørar. Frivilligsentralen skal vere identitetsskapande og fremje samarbeid. Frivilligsentralen skal styrke deltaking og breidde i frivillige lag og organisasjonar, med eit spesielt fokus retta mot einsemd, sosial utanforskap og inkludering. Frivilligsentralen skal legge til rette for samarbeid og samhandling mellom frivillige lag/organisasjonar og tenestene i kommunen. Sentralen skal stimulere til å rekruttere og auke deltaking i eksisterande organisasjonar, og bidra til aktiv deltaking i lokalsamfunnet for alle som ønskjer å bli nye frivillige. Frivilligsentralen vil ha ei aktiv rolle med å hjelpe lag og organisasjonar med å starte opp nye behovsretta aktivitetar. Ingen aktivitet gjennom frivilligsentralen skal erstatte lovpålagte kommunale oppgåver. Leikanger frivilligsentral sine tilsette og styremedlemmer er underlagt kommunen sine etiske retningslinjer og teieplikt.

§3. ØKONOMI OG REVISJON

Tilvising- og attestasjonsmynde følgjer Leikanger kommune sitt delegeringsreglement. Frivilligsentralen sitt rekneskap vert ført av Leikanger kommune si økonomiavdeling og vert revidert i samsvar med reglar, gjevne i staten sine retningslinjer. Finansiering av frivilligsentralen er ein del av kommunen si ordinære budsjettbehandling.

§4. ÅRSMØTET

Alle lag og organisasjonar i Leikanger kommune representerer årsmøtet i Leikanger Frivilligsentral. Dagleg leiar har ansvar for gjennomføring av årsmøtet. Årsmøtet skal haldast innan utgangen av juni kvart år.

Ha overordna kontroll med styret og frivilligsentralen si drift.

Faste saker og ansvarsområde som årsmøtet skal godkjenne:

- Dagsorden
- Val av møteleiar
- Årsmelding
- Årsrekneskap
- Handlingsplan kommande år
- Innkomne forslag
- Val av medlemmer og leiar. Lag og organisasjonar peikar ut personar som er aktuelle for val.

Årsmøtet skal orienterast om inneverande årsbudsjett, som saman med årsrekneskapen, årsmelding og handlingsplan skal gje høve til innspel om nye tiltak for sentralen i neste årsbudsjett for Leikanger kommune.

A: Riverdalen
6869 Leikanger
T: 576 55 604

Vedtekter for Leikanger frivilligsentral



Årsmøtet skal vedta eventuelle vedtektsendringar, som ikkje er i strid med nasjonale føringar eller dei rammer som er vedteke av Leikanger kommunestyre. Innkalling til årsmøte skal sendast lag og organisasjonar digitalt minimum 21 dagar før årsmøtedato. Årsmøtedato skal i tillegg kunngjerast i avisa og på heimesida med frist for innsending av forslag til årsmøtet. Slike forslag skal vere dagleg leiar i hende 14 dagar før årsmøtedato. Sakliste, dokument og innkomne forslag skal sendast lag og organisasjonar digitalt 10 dagar før årsmøtedato.

§5. SAMANSETJING OG VAL AV STYRET

Styret er samansett av 5 medlemmer. Årsmøtet vel 3 medlemmer og 3 varamedlemmer frå lag og organisasjonar. 1 medlem og varamedlem er politisk vald. 1 medlem og varamedlem er utpeika av rådmannen. 3 av medlemmene og varamedlemmer frå lag og organisasjonar vert valde for 2 år. Årsmøtet vel leiar for 1 år.

- Styret er vedtaksføre når 2/3 av styremedlemene eller vara er til stades.
- Ved likt stemmetal har leiar dobbelstemme.

§6. STYRET SINE OPPGÅVER OG ANSVAR

Styret har ansvar for at frivilligsentralen si drift er i samsvar med målsetjinga.

Styret har eit særleg ansvar for å:

- Gjennomføre årsmøtevedtaka
- Behandle årsrekneskap årsmelding og handlingsplan.
- Kome med innspel til Leikanger kommune sitt budsjettarbeid, rammesak i juni og budsjettarbeid i desember. Tiltak det ikkje er funne plass til innanfor budsjettamma skal synleggjerast i budsjettdokumentet som vert sendt kommunen.
- utarbeide handlingsplan med tilhøyrande budsjett innanfor tildelte budsjettammer frå kommunen
- Behandle og ta initiativ til planar og strategiar for frivilligsentralen, og syte for at drifta er i samsvar med sentrale retningsliner.
- Arbeide med formålstenlege informasjonstiltak om frivilligsentralen ovanfor innbyggjarane.
- Gje uttale ved tilsetjing av dagleg leiar.
- Ha minst 3 styremøte per år, men elles etter behov.

A: Riverdalen
6869 Leikanger
T: 576 55 604

Vedtekter for Leikanger frivilligsentral



§7. DAGLEG LEIAR

Dagleg leiar har særskilt fokus på å utvikle eit nært samarbeid med einskildpersonar, frivillige lar- og organisasjonar og med offentlege instansar. Dagleg leiar er tilsett av Leikanger kommune v/ kulturkontoret, og har tenesteleiar for samfunnsutvikling og kultur som næraste overordna. Dagleg leiar har ansvar for:

- dagleg drift av sentralen
- rekneskap og budsjettoppfølging
- sekretær for styret
- førebur styre- og årsmøtesaker
- iverksetjing styre sine vedtak

§8. DIALOGMØTE MED FRIVILLIGE

Leikanger Frivilligsentral har ansvar for å arrangere eit møte med frivillige kvart år. Alle som vil kan kome med innspel på mellom anna drift av frivilligsentralen, og vere eit rådgjevande organ til styret. Møtet skal kunngjerast.

§9. NEDLEGGING AV LEIKANGER FRIVILLIGSENTRAL

Eit vedtak om nedlegging av Leikanger frivilligsentral skal behandlast på årsmøte med tilråding til eigaren Leikanger kommune som gjer vedtak.

A: Riverdalen
6869 Leikanger
T: 576 55 604